

Håløygminne , hefte 2 1924.

Gamal tru og skikk i bygda.

Av *Jens Solvang.*

Av dei som eg har funne av gamal tru og folkeskikkar her i bygdene*) er vel det meste ålkjent for heile landet. Men eitt og anna kann eg ikkje hugse eg har lese om i folkeminneskrifter frå andre landsluter, som tildømes Storåker sin: forvitnelege samlingar, om eg no elles minnes rett. Av sovore skal eg freista eit lite utval åt „Håløygminne.”

Når dei gamle hørde det kvein i varmen på gruva eller i omnen sa dei at Eldbane gret og så kasta dei ei tyfille i varmen; for Eldbane gret avdi det fraus. Storåker kjenner noko liknande frå sørst i landet på Mandalskanten, men der heiter det at det er Eldsmora som fuktar borni sine so dei gret. Tru om dette å kasta tyfilla i elden ikkje er ein umedvisst nedervd skikk frå den tid dei ofra til elden som til ein annan guddom som hadde makt både til å gagne og skade. Ein veit skikken frå Telemark (Wille: Sillejords beskrivelse) å drikke Eldbjørgs minne. Husmori drakk eldens skål og kasta ein ølskvett i elden med ho sa: „Så høg min eld, men ikkje høgare og heitare hell!” For fyrstikkene si tid, når dei gamle om kvelden skara glørne saman på gruva og dekte over med aska, er meg fortalt at dei sa: „I Jessu namn!” Truleg leivdar av ei gamal tryllebøn til elden om å liva til neste morgon, men ikkje å skade.

Ein kann treffe til enno å få sjå at når fiskaren kokar myljegryta si tek han ein skvett feitt og skurn på søsponen og kastar i elden, då skal han ikkje verta sjuk av det om

*) Hillesøy og grannebygder.

det er noko råkøkt i gryta. Samanhald skikken frå Telemark å kasta snerken av kokt søtmjøl i elden og segja: " Dette skal Lokje hava." Tvillaust er alt leivdar frå den gong dei ofra til eldens høilage natur-guddom.

Elden var sers verjande mot alt vondt. Å kasta glør i laugevatnet etter småborn for dei slo det ut, har eg skilleg set gjort. Likeins når nokon kom på ein annan gard og fortalde om vanheppa med fenaden sin, då laut ein kaste eld etter forteljaren, han eller ho, når dei gjekk att, elles fekk ein vanheppa deira hefta på sin eigen fenad.

Av talglyset tok ein ymse varsel. Når lyset høvla spon, d. v. s. at eit tunt flak av talga glei laust på dei vatsstøypte lysa med dei stod og brann — då tydde det at ein snart fekk høyra ein kjenning var daud. Same tydde det når ein uvarleg drog døra etter seg so foten vart fast i glipen.

Jolenatta brann lys på bordet, jamnast to lys, eit for mannen og eit for kona på garden. Den sitt lys som først brann ned kom til og dø først. Skikken kom bort, fortel dei, då dei på ein gard midt på natta fann det eine lyset liggjande på bordet og brenne i begge endar. Lyset måtte ikkje takas av bordet jolelag før fullt dagslys.

At mykje vondt var laust i joletida og mange rådgjerder brukt til å verja seg er ålmennt kjent i alle landsluter. Eg har ikkje noko av sjølvsyn, men dessmeir av dei gamle si forteljing. Men øksa høgd i høystålet har eg set gjort nyttårsnatta; det var for at ikkje havfrua skulde gjera høyet udrygt. Den som tømte grautfatet sitt joleaften åt ikkje fleire jolegrautar dvs. døydde før neste jol.

Å lata alt arbeid kvila etter at dagslyset var kvorve i dagane millom jol og trettandedag var skikk og sedvane. Etter forteljinga vart skikken avlagt sidan soknepresten, eingong på ei anneksreis laut taka seg nattelega på ein gard — Sand på nordsida på Senja — og då han såg heile huslyden gjerandlaus lange kvelden utover, spurde han om dei var fri for innehyses arbeid der på garden. Kjerringa svarte at det hadde vore eldgamal skikk å halda stjernehelg millom jol og trettanleit. "Å for heidenskap!" buste pres-

ten ut. Og så heldt han ei straffepreik og stempla skikken som skire ovtru. Det virka so at dei slutta skikken og sidan andre med.

Nissar og nykk har eg ikkje høyrd nemnt om, men hulder og draug trur visst endå mange er til, iser dei so kal-la draugerop som skal late seg høyra til førevarsel for uver og feige folk. Slike forteljingar får ein høyra den dag i dag. Draugen var vel her som andre stader opphaveleg tenkt som åndene av dei som bleiv på sjøen, men isofall er det gløymt i folkeminnet. Draugen er eit sjøtroll utan noko samkvøm med menneskjelegt opphav.

Mest inngrodd i folketrua er då attgjengarar, skrymt varsel, fegd og kva det no heiter alt som står i samkvæme med daude og daudingar. Og her tarv ein ikkje leita eit hundradår attende, å nei, ein finn meir enn nok hos den slekta som liver no. Det syner kanskje at trua på at dei avlidne sine ånder som kan koma tilstades og merka seg for dei attlivande i draumar og på anna vis ligg djupt på botnen i menneskesjæla og er første oppbav til religion. Og — eg kann ikkje dylja for det — der er ein og annan gong hendingar tilstades som gjer at den mest "skeptiske" ikkje veit kva han skal tru, trass at vitskapen er materialistisk i slikt.

Dei gamle var mykje rædd forgjering og "det vonde auga." Framand måtte helst ikkje koma i fjøsen og sjå buskapen deira; det kunde stå uhyra av det. Sameleis var dei ottesam for å treffe ein framand når dei kom med mjølka frå fjøsen. Og det er ikkje sers lenge sidan at ei og anna gamalmor fekk rukkor i skallen var ein uheppen å koma tilmøtes med henne med ho kom frå fjøsen eller grindane med mjølkebytta i handa.

Det var på ein gard at kona var sværande ovundssjuk avdi ho tykte dei på grannegarden fekk mykje meir smør enn ho. So ein sein kveld vart dei var at ho gjekk rundt kring mykkdungen deira og stakk i den med ein stav. Dei furda på kva ho meinte med det. Men neste morgon stod alle mjølke-ringane deira i vindkjæse.*) Ho kunde nok ein grand svart-

* Vindkjæse kallar dei at m jølka skil seg til ost og myse for ho sur-

kunster utjonet.

Av sovore sogor kunde mange forteljast.

Å forgjera fiskebunaden åt ein annan trudde dei seg å kunne. Måtane var ymse. Fekk ein lure svinebuster i an nan manns reidskap, handsnøre eller i seinottelna, beid ikkje fisk å få for han. Beste råd å bli kvitt fortrollinga var da å få høve til å rundro båten åt skademannen ute på sjøen. Ei fortrolla seinot blei god att når ein fekk jaga ein saueflokk over ho med ho låg til turking på vollen. Og dei gamle fortalde ratt for sanning om ei slik fortrolla seinot, at dei møddest i sju lange og sju breide med å få sauene jaga på nota, og då dei so langt om lenge fekk dei der datt kvar einaste sau steindaud ned. Det var soleis ein sterk medisin dei brukte til kunstane sine, og til all lukka er resepten gløymt no. .

Trefte ein ei katta etter eit kvinnfolk på sjøvegen når ein skulde ro ut på fisking kurde ein berre snu heim; ein råtta ikkje fisk den dagen.

Fugleskrik laut ein merka seg. Hørde ein ramnen og han sa: "Grava makk," vart det fisk nok å få, men sa han „Makk nokk" var det svart på sjøen. Ramnen var soleis ein bra kar, men kråka var støtt ein ulykkesfugl. Endå finn ein dei som trur at børsa vert forgjort når ein skjyt kråka.

Sat kråka støtt og grov (skreik) kringom husa venta ho sjølvdøydde dyr frå fjøsen. Sjora måtte ein ikkje hattre (gjere pretta) da døydde smålama. Elles laut ein vera var den tid flyttfuglane kom at ein ikkje blei dåra*) og helst ta seg ein matbit før ein gjekk ut om morgonen. Gol gauken i svartskog, d. e. kom so tidleg at skogen ikkje var grønna, vart det mykje med lausungar det året.

Endå so seint som i slutten av førre hundradåret livde

nar og fløyten ligg som ei tunn hinda ovanpå. Kjem truleg av ureine kjerald eller ei einskild ku hjr sjukdom av noko slag.

*) Aa verta dåra av flyttfugl, kalla dei når dei fastande hørde fuglen første gong han kom om våren. Det hadde ymse uheld i fylgje. Dåra tjelden ein, vart han plaga med utsett (sår) dåra gråsprøven, slo ein sund ljàorvet o. s. burtetter.

her i bygda ei og anna kjerring som kunde litevetta av dei løynde kunstane, som tildømes stengje blod, ta verken or sår, læsa vridorda og trollorda i ein svart ulltråd. Ja ikkje for det, der er visselig mange enno som trur på slikt, men om nokon kan retteleg kunsten lenger er mykje tvilsamt. Eg minnest ein løgje tilburd frå og var småglunt: Ei legdekjerring på grannegarden hadde dotte og vrikka armen sin. Så kom det bod til gamlemor på heimegarden min om å laga ein vridtråd — ho hadde i yngre dagar fuska noko med slikt —. Men gamlemor var no ovgamal, blind og håttelaus og ingen vilde plåga henne med slikt. Då fann bror min på råd. Han tok ein svart ulltråd, knytte han saman på rette måten og spalta tri gonger på han og skikte han so til legdkjerringa. Og det feilte ikkje at han hjelpte. Leid på eit par dagar var armen god att.

Den siste som for bygdene millom med åtgjering var ein utgamal finn, Anders Ånesen; han hadde kunsten til livebrød. Eg såg aldri han brukte noko lyv mot sjukdomen anna han skrapa og krossa med slirekniven på den sjukvorne staden og så las han over. Mest namngjeten var han for å kunne setja daudingar på rette plassen att når nokon som bryddest med slikt kravde hjelpa hans.

Han kom eingong frå dampskipet på land på Bakkejord og stavra kruksut og liten, turr og grå oppover bakken til garden. Ein sterk og rakvaksen ungdom stod handfallen og naudsåg etter han, så segjer hau lognt med seg sjølv: „At daudingane kann vera rædd den der karen, er meir enn eg kann forstå.” Då laut eg storlæ. Anders Ånesen hadde heimstaden sin i Lenvik. Han fekk elles ein udaude: Dei fann han ihelfrosen i ein høysjå langt inni utmarka. Han var ein ufarleg og godtruen stakkar som ikkje gjorde eit krek vondt.

Dette var no den meir skuldlause deil av svartekunstane men der var den som var verre, „den sorte magi” ombrigda til å gjera medmenneskje vondt til eiga vinning. Etter segna var det dei her i bygda som kunde den og. Ei kjerring — Gunhild heitte ho og var av finneætt — bustaden kan vera det same med — var sers kunning i å gjera

vondt. Ho kom til grannekona og bad om ein grand tætte*) då ho ikkje fekk mjølka si til å laupe saman. Ja det fekk ho då. Men sidan var det uråd for dei å få rjomen sin kjerna til smør trass dei arbeidde med han dagevis. Gunhild hadde framifrå vøn smale. Ein gong ho var i godlage spurde ei anna kjerring henne kva råd ho brukte til å få sauene sine so fræge. „Jau”, sa ho Gunhild, „når du vil ha sauelukka frå nokon skal du låne ein sau hos deim til foring og når du slepp han i frå deg alt skal du føre han i båt so skal du klippe ei ullagda av han og legge un der tilja i båten og segje: „No lukka til meg og vanlukka til deg, ” so får du sauelukka deira. ”

Det tyktes ikkje vera so mange dikkedarier som skulde til ei so viktig sak.

Gamle Gunhild Gunnarsdotter er for eit par ættarled sidan smetta under torva; men får du nokon av gamlekjerringane i den grenda ho ein gong livde til å fortelja om henne, får du høyre mang ei rar saga.

Men endå det kunde vera mykje å fortelja lyt eg slutta, elles vert eg for langdregen.

* Tætte = sur og seig rjome til å fengja mjølkekjeralda med so syre- og slimbakteriane i mjølka øksla seg fortare og laga tættmjølk. Summe stader var tættegras (*Pinguicula vulgaris*) brukt til sovore.